



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 13.11.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 17:10

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Ordførar
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Magne Hestad	AP	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Jan Hansen	AP	Medlem
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Varaordførar
Jarle Audestad	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin Nordheim Flatekval	SP	Varamedlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Evelyn Boge	SV	Odd Jøran Oldervik
Hege Eide Vik	SP	Karin Nordheim Flatekval



Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Økonomisjef Truls Morten Kaland
Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum,
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal
Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
73/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
74/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
75/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
76/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
77/2017	TERTIALRAPPORT 2.TERTIAL 2017
78/2017	FRAMLEGG TIL ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL LANDBRUKSFOND - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL
79/2017	LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - VEDTAK AV FORSKRIFT
80/2017	BORGARLEG VIGSEL I VAKSDAL KOMMUNE FRÅ 2018
81/2017	INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL - BRUK AV GLYSOFFAT
82/2017	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET FRÅ HEIDI RONGVED - PERMISJONAR FOR LAG/ORGANISASJONAR/ARBEIDSTAKARORGANISASJONAR
83/2017	KLAGE PÅ MELDING OM VEDTAK PÅ SKJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL AV 28 JUNI 2017
84/2017	MODULSKULE



73/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Ei tilleggssak vart utlevert til gruppemøta (sak 83/2017) - kommunestyret gjekk samrøystes inn for å behandle saka i møtet.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 73/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

74/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebøkene vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak

KOM - sak 74/2017 Vedtak:

Møtebøkene vert godkjende slik dei ligg føre.

75/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 75/2017 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

76/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

- Presentasjon av innbyggjarundersøking i Vaksdal v/ Hilde Haaland-Kramer, leiar for Omsorgsforskning Vest og kommunalsjef Solrun Hauglum
- Kartlegging og verdisetting av friluftslivområde, presentasjon v/ Marianne Jetmundsen, Bergen og omland friluftsråd og kommuneplanleggjer Gjertrud Karevoll
- Fast orientering frå rådmann og ordførar:

Rådmannens kvarter:

Orienteringane frå rådmannen vert lagt inn i Møteportalen under Informasjon

Ordførar sine orienteringar

KS-saker:

- Mottak av flyktningar
- Digital infrastruktur
- Lokal beskatningsrett
- Studietur til Brussel

Andre saker:

- Arna-Voss - Møte i Planforum og Referansegruppa
- Informasjon om kommunal vigselsrett
- Møte i Politirådet

Varaordførar

- Årleg samling i Os der statlege etatar møter kommunane / reformprosessen i kommunereforma
- Politireforma

KOM - sak 76/2017 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.



77/2017: TERTIALRAPPORT 2.TERTIAL 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre tek rapport pr 2.tertial 2017 til etterretning.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2017:

Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 2,9 mill frå kr 8.200.000,- tilkr 5.300.000,-

Budsjetterte skatteinntekter vert auka med 0,7 mill frå kr 100.000.000,- til kr 100.700.000,-.

Budsjetterte inntekter frå rammetilskot og inntekstutjamning vert auke med 0,4 mill frå kr 147.027.000,- til kr 147.427.000,-

Budsjettert inntekt frå Eigedomsskatt vert auke med 3 mill frå kr 34.000.000,- til kr 37.000.000,-

Inntekt frå gevinst aksjar og obligasjonar vert budsjettert til kr 2.000.000,-

Tenestemråde Helse og omsorg får auka ramme med 9 mill frå kr 111.807.603 til kr 120.807.603

Rådmannen frå fullmakt til å innarbeide budsjettendringane.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2017

Behandling:

Rådmann og økonomisjef orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 69/2017 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre tek rapport pr 2.tertial 2017 til etterretning.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2017:

Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 2,9 mill frå kr 8.200.000,- tilkr 5.300.000,-

Budsjetterte skatteinntekter vert auka med 0,7 mill frå kr 100.000.000,- til kr 100.700.000,-.

Budsjetterte inntekter frå rammetilskot og inntekstutjamning vert auke med 0,4 mill frå kr 147.027.000,- til kr 147.427.000,-

Budsjettert inntekt frå Eigedomsskatt vert auke med 3 mill frå kr 34.000.000,- til kr 37.000.000,-

Inntekt frå gevinst aksjar og obligasjonar vert budsjettert til kr 2.000.000,-

Tenestemråde Helse og omsorg får auka ramme med 9 mill frå kr 111.807.603 til kr 120.807.603

Rådmannen frå fullmakt til å innarbeide budsjettendringane.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.



KOM - sak 77/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre tek rapport pr 2.tertial 2017 til etterretning.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2017:

Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 2,9 mill frå kr 8.200.000,- tilkr 5.300.000,-

Budsjetterte skatteinntekter vert auka med 0,7 mill frå kr 100.000.000,- til kr 100.700.000,-.

Budsjetterte inntekter frå rammetilskot og inntekstutjamning vert auke med 0,4 mill frå kr 147.027.000,- til kr 147.427.000,-

Budsjettert inntekt frå Eigedomsskatt vert auke med 3 mill frå kr 34.000.000,- til kr 37.000.000,-

Inntekt frå gevinst aksjar og obligasjonar vert budsjettert til kr 2.000.000,-

Tenestemråde Helse og omsorg får auka ramme med 9 mill frå kr 111.807.603 til kr 120.807.603

Rådmannen frå fullmakt til å innarbeide budsjettendringane.

78/2017: FRAMLEGG TIL ENDRING AV VEDTEKTER FOR VAKSDAL LANDBRUKSFOND - JUSTERING AV GRUNNKAPITAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtektsendringar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeelg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld

Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.

Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtektsendringar ikkje treng godkjenning frå departemenet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- *«Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».*

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007



Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 71/2017 Tilråding:

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtektsendringar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeelg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, *og vart endra til kr 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.*

Frå og med 01.01.2018 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtektsendringar ikkje treng godkjenning frå departementet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- *«Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».*

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 78/2017 Vedtak

Etter innstilling frå styret i Vaksdal landbruksfond og med heimel i § 8 «Vedtektsendringar» i fondet sine vedtekter av 03.05.2007, endrar kommunestyret i Vaksdal kommune kravet til grunnkapital i landbruksfondet frå kr. 1 906 283, til kr. 1 800 000.-. Beløpet skal gjelde inntil vidare, med verknad frå 01.01.2018.

Ny ordlyd i § 1 i vedtektene vert som følgjer (endringa er merka med cursivskrift):

- **«§ 1 Heimel og kapital**

Heimelen for landbruksfondet er Kongeelg resolusjon av 25.02.1983 og gjeld



Vaksdal kommune

Eksingedalsvassdraget/Leirovassdraget, Myster kraftverk.

Grunnkapitalen var kr 1 000 000,- ved oppretting av fondet i 1985, og vart endra til kr 1 906 283,- av kommunestyret i 2007, jf. sak i kommunalt vedtak av 008/07.

Frå og med 01.01.2008 skal grunnkapitalen setjast ned til kr. 1 800 000,-, og vere gjeldande inntil vidare.

Med bakgrunn i brev frå Landbruks- og matdepartementet av 15. mai 2007, om at framtidige vedtektsendringar ikkje treng godkjenning frå departemenet, vert følgjande setning i § 8 i landbruksfondet sine vedtekter fjerna:

- «Vedtekten treng godkjenning av landbruksdepartementet».

Det vert ikkje gjort andre endringar i vedtektene.

Dei nye vedtekten erstattar vedtektene av 03.05.2007

79/2017: LOKAL FORSKRIFT OM TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM - VEDTAK AV FORSKRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg.

Levekårsutvalet 30.10.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 20/2017 Tilråding:

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 79/2017 Vedtak:

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Vaksdal kommune vert vedteken slik den ligg føre i vedlegg.



80/2017: BORGARLEG VIGSEL I VAKSDAL KOMMUNE FRÅ 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyresalen og Sosialrommet i Turbinen vert nytta som seremonirom ved borgarleg vigsel i kommunen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 23.10.2017

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet ber administrasjonen kome attende tll formannskap/kommunestyre med sak om livssynsnøytralt seremonirom i Vaksdal kommune.

Kort grunngjeving.

Det er stor mangel på livssynopne seremonirom i kommune - Noreg, så og i vår kommune.

Kommunen har særst god (over) dekning på kyrkjebygg, men manglar livssynopne seremonirom.

Undersøkingar gjort i 2016 syner at om lag halvparten av befolkninga ønskjer eit alternativ til kyrkja.

Endringsframlegg frå Eirik Haga:

Kommunestyresalen vert tilbydd som seremonirom ved borgarleg vigsel i kommunen. Anna lokalitet kan avtalast.

I tillegg til ordførar og varaordførar vert det tildelt vigselsrett til ein som rådmannen peikar ut.

Rådmannen sitt framlegg vart sett opp mot Eirik Haga sitt framlegg. Eirik Haga sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 73/2017 Tilråding:

Kommunestyresalen vert tilbydd som seremonirom ved borgarleg vigsel i kommunen. Anna lokalitet kan avtalast.

I tillegg til ordførar og varaordførar vert det tildelt vigselsrett til ein som rådmannen peikar ut.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Tilleggsframlegg frå Heidi Rongved på vegner av AP, SP, KRF:

Begge kjønn skal væra representert blandt vigslarane.

Røysting:

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

Heidi Rongved sitt framlegg vart så samrøystes vedteke.



KOM - sak 80/2017 Vedtak:

Kommunestyresalen vert tilbydd som seremonirom ved borgarleg vigsel i kommunen. Anna lokalitet kan avtalast.

I tillegg til ordførar og varaordførar vert det tildelt vigselfrett til ein som rådmannen peikar ut. Begge kjønn skal vera representert blandt vigslarane.

81/2017: INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL - BRUK AV GLYSOFAT

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Iløpet av sommeren har kommunens bruk av giftstoffet glysofat langs våre veier ført til mange bekymrede og negative reaksjoner fra innbyggere.

Vi mener at dette er noe kommunen bør ta alvorlig og at vi heller bør gå foran som godt eksempel i kampen for en bærekraftig kommune.

Det er viktig for MDG Vaksdal og innbyggerene i Vaksdal at vi får fortgang i denne saken. Som første steg i retning av å få redusert giftbruken i Vaksdal, håper vi at resten av kommunestyret vil bli med å støtte en strengere regulering av sprøytemidler enn vi har hatt til no.

Glysofat er et virkestoff som blant annet finnes i sprøytemiddelet Roundup. Virkestoffet er det mest brukte i sprøytemidler i Norge, og det som selges mest på verdensbasis.

I fjor viste en omfattende studie fra 18 europeiske land at en stor del av befolkningen i europeiske storbyer har glyfosat i kroppen. Naturvernforbundet har avslørt at sprøytemidler i Norge inneholdt miljøgifter som kan forstyrre hormonbalansen hos dyr og mennesker.

Reglene for bruk av kjemikalier blir stadig strengere i hele Europa, og flere land, bl.a. Sverige, Nedreland har helt forbudt roundup og utfaser kjemiske sprøytemidler i offentlige anlegg. Flere andre land ser ut til å følge etter.

Kommuner som Bergen og Stavanger har tatt i bruk naturlig ugressbekjempelse, hovedsakelig med varmt vann og ild. Vi mener at dette er et eksempel til etterfølgelse for Vaksdal kommune.

Ulike former for sprøytemidler, og andre giftstoffer, er blant våre største miljøproblemer, særlig gjennom det som kalles cocktail-effekten. Stoffene hver for seg er lovlige og isolert sett, er noe vi som mennesker kan tåle, men Forbrukerrådet mener at nordmenn er i verdenstoppen når det gjelder mengden giftstoffer i kroppen. Dette bør vi ta på alvor.

Vi mener klart og tydelig at Vaksdal kommune bør ikke gå til yttergrensene for det tillate av giftbruk, men heller ha en føre-var-holdning.

Går kommunen foran som et godt eksempel er det lettere oppfordre landbruk, hageeiere og andre



om å kutte ned på sin giftbruk, og dermed bidra til å inspirere flere kommuner til å velge giftfrie løsninger.

Vi har ikke myndighet eller mulighet til å gjøre noe med alle stoffene vi får i oss, men på noen områder kan vi fortsatt bidra. Det er ønsketenkning at kjemikaliet i et sprøytemiddel skal ha en så spesifikk virkning at det kun tar livet av en uønsket organisme, for så å forsvinne uten å gjøre mer skade.

Forskning viser at Glyosfat tas opp i både grunnvann og av andre dyr og vekster, der det blir brukt.

MDG Vaksdal stiller følgende forslag til vedtak:

Kommunestyret ber administrasjonen om å legge frem en sak til neste kommunestyremøte om hvordan tiltaket med utfasing av glyosfat kan gjennomføres og kostnader knyttet til en slik utfasing.

Resterende Roundup destrueres på en forsvarlig måte og skal ikke selges til andre.

Kommunestyret vedtar at kommunen skal oppfordre andre aktører, både offentlige, som Vegvesenet og Hordaland Fylkeskommune, næringslivet og private hushold, til å begrense omfanget av ulike former for plantegift og andre former for giftsprøyting både på land og i vann.

Vaksdal kommune skal ha en føre-var-holdning til giftbruk, ikke gå til yttergrensene for det som er tillatt.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slikt svar:

Ugrasbekjempelse blir gjort på mange ulike måtar. For eksempel er det langs veg mulig å utføre med kokende vann og skum.

Statens vegvesen er begynt å nytte denne metoden. Dette prosjektet er i startfasen og Statens vegvesen har no fokus på kostnadsbildet og virkningen av metoden.

Det er enda usikkerhet om kor mange behandlinger som må til pr. vekstsesong.

I Sverige og Danmark prøver de ut en metode som går på varmt vatn, maisstivelse og kokos.

Ugras kan også holdes i sjakk ved hjelp av kantslått. Denne metoden utfører Vaksdal Kommune der vegkantene er egnet for dette.

Skal Kommunalteknisk avdeling holde veggrøfter på et akseptabelt nivå med hjelp av varmt vatn og skum, må det investeres i nytt utstyr/maskiner og opplæring må til.

Kommunalteknisk avdeling følger med på nye alternative metoder når det gjelder bekjempelse av ugras i vegkanter, og er opptatt av å kunne drive dette på en best mulig måte knytt opp mot miljø, kvalitet og kostnadsbilde, og fase ut bruken av giftige stoffer.

Alternativ utprøving tar tid.

Utforming av vegskulder/grøfter er avgjørende når det gjelder mekanisk slått. Nye veganlegg tar høyde for dette i planleggingsprosessen. I Vaksdal Kommune er det få strekninger som er tilrettelagt for mekanisk slått.



Det er ordførar sin mening at kommunalteknisk drift skal holde fram med å teileigne seg ny kompetanse om miljøriktig vedlikehold og drift av de kommunale vegene og grøntanlegg. Kommunalteknisk drift bør studere kordan kommunar som er komt lengre enn Vaksdal når det gjelder miljøriktig vegvedlikehold og drift, skaffar seg oversikt over behov for utstyr og kostnadar ved anskaffelse.

Kommunestyret bør få oppdatering på kor langt kommunalteknisk drift er komt til en kver tid. Vidare bør kommunalteknisk drift rapportere i tertialrapport 1 2018 om kor langt arbeidet er komt.

Vaksdal kommune skaffar til veie informasjonsmateriell om konsekvensar ved bruk av miljøgifter fra miljømyndighetene og gjør disse tilgjengelige for innbyggjarne.

Vaksdal kommune er en liten kommune. En liten kommune må hente inn kunnskap og erfaringar fra andre. Før kommunen kommer i gang med å nytte utelukkande miljøriktig kantslått bør dei varsle om når dei brukar andre stoff.

Det vart så opna for debatt.

Kommunestyret samla seg om følgjande omforeinte framlegg, som vart samrøystes vedteke:

Med utgangspunkt i interpellasjonen og svaret frå ordførar ber kommunestyret om at administrasjonen utarbeider ei sak om utfasing av giftige sprøytemidler i kommunen innan utgangen av mars 2018.

KOM - sak 81/2017 Vedtak:

Med utgangspunkt i interpellasjonen og svaret frå ordførar ber kommunestyret om at administrasjonen utarbeider ei sak om utfasing av giftige sprøytemidler i kommunen innan utgangen av mars 2018.

82/2017: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET FRÅ HEIDI RONGVED - PERMISJONAR FOR LAG/ORGANISASJONAR/ARBEIDSTAKARORGANISASJONAR

Frå Heidi Rongved ligg det føre slik interpellasjon:

Eg har siste tida fått fleire meldingar om at Vaksdal kommune ikkje gjev tillitsvalde i arbeidstakarorganisasjonar uløna permisjon for å utøve sine verv. Å på denne møte prøve å hindre arbeidstakarorganisasjonar i sitt arbeid er svært alvorleg. Eg meiner det skal svært mykje til for å nekte slike permisjonar. Ein gyldig grunn til slik nekt kan vere at permisjonen fører til fullstendig stopp i drifta.

Vaksdal kommune har slik eg forstår ikkje eit eige permisjonsreglement. Eit slikt reglement bør utarbeidast. Inntil eit slikt reglement ligg føre ber eg om at kommunestyret vedtar følgjande:

Permisjon for utføring av andre tillitsverv som ikkje omfattas av hovedavtalen

Tillitsvalgte i arbeidstakarorganisasjonar og andre lag/organisasjonar har rett til permisjon til opplæring og anna arbeid, som har betydning for deira funksjon som tillitsvalgt, og som ikkje omfattas av hovedavtalen.



Ulønna permisjon skal gjevast til medlemmar i arbeidstakarorganisasjonar/ lag/organisasjoner for utføring av aktivitetar som foregår i arbeidstakaren si arbeidstid.

Refusjonsordningen med arbeidstakerorganisasjoner/lag/oranisasjonar.

Ved ulønna permisjon for utføring av verv foretar kommunen utlønning og alle innbetalinger til pensjonskasse m.m mot refusjon frå arbeidstakerorganisasjonen/laget/organisasjonen.

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføraren gav slikt svar:

Saken er forelagt rådmannen som har undersøkt praksis i de kommunale einingene. Hun finn ikkje at det blir gitt avslag på denne type permisjonar. Slike permisjonar utgjør mange dagsverk årlig i kommunen og menar at Vaksdal ligg i det øvre sjiktet blant kommunene rundt oss, det betyr at mange søkar permisjon og får.

Det er derimot i en del tilfellar gitt avslag på permisjonar til å delta på fagkurs i regi av Fagforbundet/Kommunal kompetanse. Disse blir vurdert som andre typar søknader om faglege kurs og vurdert etter kompetanseplanar, innhald/relevans, arbeidssituasjon, sjukefråvær og økonomi i eininga m.v.

Rådmannen er usikker på kva interpellanten meiner når det blir vist til «rettar for tillitsvalde utover hovudavtalen». Det er jo hovudavtalen/hovudtariffavtalen som regulerer alt mellom partene, denne type permisjonar er skildret i detalj (formål og tal dager pr år) i hovudavtalen. Det er et spørsmål om Vaksdal kommune skal ha egne ordningar i tillegg til avtaleverket.

Ordføraren er kjent med at virkeligheten nok blir opplevd ulikt fra arbeidsgiversiden og arbeidstakarsiden.

Det går på ka som blir opplevd som relevant for tillitsvervet.

Det går på ka som er i tråd med kompetanseplanene til kommunen.

Det går på ka som er innenfor eller utenfor avtaleverket.

Kommunestyret har gitt signal gjennom budsjettvedtak at vi ønsker samfunnsengasjerte arbeidstakare, og bedt administrasjonen praktisere permisjonsreglementet på en raus måte.

Eg vil at kommunestyret ber administrasjonsutvalget – som partsammensatt utvalg – å drøfte praktiseringen av permisjonsreglement med utgangspunkt i Heidi Rongved sitt framlegg til vedtak i neste møte i adminstrasjonsutvalget. Slik får og arbeidstakarorganisasjonene sitt syn komme fram.

Det vart så opna for debatt.

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret ber administrasjonsutvalet utarbeide reglement i høve vedtak.



Framlegg frå Bjørn Øivind Krogsrud, AP:

Administrasjonsutvalet utarbeider nytt permisjonsreglement.

Inntil nytt reglement føreligg, gjeld forslaga frå Heidi Rongved sin interpellasjon.

Framlegget vart seinare trekt.

Røysting:

Framlegget frå Heidi Rongved som låg i interpellasjonen og Kjartan Haugsnes sitt framlegg vart sett under ett. Dette vart sett opp mot forslaget som låg i svaret frå ordførar.

4 røysta for svaret til ordførar (Eirik Haga, H og FRP) som dermed fall.

KOM - sak 82/2017 Vedtak:

Permisjon for utføring av andre tillitsverv som ikkje omfattas av hovedavtalen

Tillitsvalgte i arbeidstakerorganisasjonar og andre lag/organisasjonar har rett til permisjon til opplæring og anna arbeid, som har betydning for deira funksjon som tillitsvalgt, og som ikkje omfattas av hovedavtalen.

Ulønna permisjon skal gjevast til medlemmar i arbeidstakerorganisasjonar/ lag/organisasjonar for utføring av aktivitetar som foregår i arbeidstakaren si arbeidstid.

Refusjonsordningen med arbeidstakerorganisasjonar/lag/organisasjonar.

Ved ulønna permisjon for utføring av verv foretar kommunen utlønning og alle innbetalinger til pensjonskasse m.m mot refusjon frå arbeidstakerorganisasjonen/laget/organisasjonen.

Kommunestyret ber administrasjonsutvalet utarbeide reglement i høve vedtak.

83/2017: KLAGE PÅ MELDING OM VEDTAK PÅ SKJENKELØYVE FOR MILANO PIZZERIA VAKSDAL AV 28 JUNI 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Milano Pizzeria Vaksdal får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 10.00-02.30.

Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 13.00-02.30.

Skjenkestad: Innandørs i Milano Pizzaria

Løyvehaver er Milano Pizzeria Vaksdal org. Nr. 917 124 264

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep

Stedfortredar er Mehmet Celep

Skjenkeløyvet er gjeldande frå 14.11.2017 til og med 30.06.2018.

Løyvehavar/styrar skal i løyveperioden legge fram nødvendig dokumentasjon om drift og rekneskap for kommunen jf. Alkoholova §1.9



Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Saka vart lagt fram i gruppemøta. Kommunestyret gjekk samrøystes inn for å behandla saka i møtet.

Vedteke mot 1 røyst (MDG).

KOM - sak 83/2017 Vedtak:

Milano Pizzeria Vaksdal får innvilga skjenkeløyve for alkohol i gruppe 1, 2 og 3.

Skjenketid for alkohol i gruppe 1 og 2 vert sett til kl. 10.00-02.30.

Skjenketid for alkohol i gruppe 3 vert sett til kl. 13.00-02.30.

Skjenkestad: Innandørs i Milano Pizzaria

Løyvehaver er Milano Pizzeria Vaksdal org. Nr. 917 124 264

Styrar for skjenkeløyvet er Halis Celep

Stedfortredar er Mehmet Celep

Skjenkeløyvet er gjeldande frå 14.11.2017 til og med 30.06.2018.

Løyvehavar/styrar skal i løyveperioden legge fram nødvendig dokumentasjon om drift og rekneskap for kommunen jf. Alkoholova §1.9

84/2017: MODULSKULE

Kommunestyret 13.11.2017

Behandling:

Saka vart tatt opp i møtet.

Følgjande forslag var oversendt frå Kjartan Haugsnes pr epost den 10.11.2017:

"Forslag frå SV

Viser til brev frå Marius Kvamme Tollefsen, Edvin Hesjedal og Dag Tore Roe som sendt kommunestyret sine medlemmer 09.11.2017 med overskrifta, «Vedrørande modulsule»

SV er av den oppfatning at fleire moment som kjem fram i dette brevet bør utgreiast av administrasjonen og leggjast fram for dei folkevalde. Det er vanskeleg å sjå for seg ei realitetshandsaming av innhaldet i brevet i kommunestyret sitt møte 13.11.2017. Men kommunestyret kan oversende brevet til administrasjonen og be om eit notat/sak til formannskapet 27.11.2017



Det som mellom anna er viktig å få svar på er følgjande:

«I standard for kommunal regnskapsføring heiter det mellom anna i KRS nr 2 pkt 3.1 nr 5 at «utgifter til klargjering for investering» kan førast over investeringsbudsjettet. For at Vaksdal kommune skal kunne realisere investeringa om å byggje ny skule på eksisterande tomt, er denne «klargjeringa» med modulskular heilt naudsynt.»

I formannskapet sitt budsjettseminar har SV tinga ein fullstendig oversikt over kostnader til modulskule, kva som kan takast som investering og kva som må takast på drift. Vi tenker dette kan vere med i eit slikt notat ein her ber om.

Nytt i saka er og ei løysing for SFO på Vaksdal – og for den del på Dale. Om ein innan same kostnadsbilete kan etablere ein modulskule på Dale i to år med plass til SFO og flytte denne til Vaksdal i to år inkludert SFO vil dette i alle høve vere den beste løysinga for alle partar. Det føreligg pt. ikkje ei løysing for SFO på Vaksdal i byggeperioden.

Etter SV si meining er fordelane med ei slik løysing så store at det er verdt å bruke dei naudsynte to vekene på å utgreie. Forslag vert satt fram i høve kommunelova § 34.2

Konkret forslag til realitetshandsaming i kommunestyret 13.11.2017:

- 1. Kommunestyret ber administrasjonen greie ut ei løysing for modulskule lokalisert på Dale og på Vaksdal innanfor den kostnadsramma som er sett i høve tidlegare vedtak. Ei slik utgreiing vert lagt fram for formannskapet sitt møte 27.11.2017. Tiltaket må ikkje gje vesentleg auke i kostnadene for kommunen i driftsbudsjettet*
- 2. Kommunestyret delegerer endeleg vedtak om plassering av modulskule til formannskapet."*

Kjartan Haugsnes gjorde nærare greie for forslaget.

Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling orienterte.

Heidi Rongved ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde ho greie for gruppa sitt syn, som går på at dei vil støtta SV sitt framlegg med følgjande tilleggspunkt:

- 3. Administrasjonen arbeider vidare med førebuingsarbeidet før anbud.*
- 4. Saka vert sendt til revisjonen for kvalitetssikring av forholdet drift/investering:*
 - Kva kan førast på investering?*
 - Kva må førast på drift?*

Røysting:

Det vart først røysta over Kjartan Haugsnes sitt framlegg som vart samrøystes vedteke

Det vart så røysta over Heidi Rongved sitt framlegg punkt for punkt:

Punkt 3 Samrøystes vedteke

Punkt 4 Samrøystes vedteke



KOM - sak 84/2017 Vedtak:

1. *Kommunestyret ber administrasjonen greie ut ei løysing for modulskule lokalisert på Dale og på Vaksdal innanfor den kostnadsramma som er sett i høve tidlegare vedtak.
Ei slik utgreiing vert lagt fram for formannskapet sitt møte 27.11.2017. Tiltaket må ikkje gje vesentleg auke i kostnadene for kommunen i driftsbudsjettet*
2. *Kommunestyret delegerer endeleg vedtak om plassering av modulskule til formannskapet*
3. *Administrasjonen arbeider vidare med førebuingsarbeidet før anbud*
4. *Saka vert sendt til revisjonen for kvalitetssikring av forholdet drift/investering:*
 - *Kva kan førast på investering?*
 - *Kva må førast på drift?*

Desse hadde ordet i open halvtime:

Per Fossse

Om vedlikehaldet på Herfindalsvegen

Marius Kvamme Tollefsen

Om modulskule på Stanghelle

Bodhild Laastad

Om modulskule på Stanghelle

Frode Herfindal

Om vedlikehaldet på Herfindalsvegen

SPØRSMÅL

Tom Charles Johnsen

Om granulatsaka

Rådmannen v/einingsleiar samfunnsutvikling svarte

Jarle Audestad

Oppmoding om utarbeiding av grøntareal i kommunen, og m.a. utplanting av frukttre i staden for andre vekster

Arne Normann

Om ordbruken i kommunestyret

Ordførar svarte